

Fråsegn om skule- og tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring i Innlandet

Vi står overfor ein krevjande prosess for å skapa ein ny struktur for vidaregåande opplæring i Innlandet. Det inneber ein større diskusjon om sentralisering eller desentralisering av skulestader. Nå ønskjer alle politiske parti at elevane våre skal ha like gode moglegheiter i heile fylket. Spørsmålet er kor desentraliserte skulane kan vera for å nå desse fagre måla.

Tar vi inn over oss at distrikta vil ha nedgang i folketalet i mange år framover, må vi innsjå at ei viss regional sentralisering er naudsynt for å sikre dei kvalitetsmåla vi har sett oss. Faktum er at den strukturen for dei vidaregåande skulane som Stortinget har vedtatt, fordrar relativt store einheiter. I Nord-Gudbrandsdal peikar dette mot ein vidaregåande skule og ein skulestad innan ei overskodelig framtid.

Fylkeskommunen må vera tydeleg til stades i alle regionsentra, inkludert ein kombinert vidaregåande skule med godt utbygd tilbod for vaksnes læring. Dessutan ønskjer vi at yrkesfagundervisninga i større grad blir kopla mot undervisning i bedrift. Da er det viktig med eit variert utval av relevante og interesserte bedrifter nær skulen.

Otta har eit karrieresenter som er leiande i Gudbrandsdalen. Det er òg under utvikling eit tilbod om desentralisert høgskuleutdanning på Otta. Eit breitt fagleg miljø på vidaregåande opplæring og tilbodet innan vaksenopplæring heng saman. Dette gjeld ikkje minst fagleg kompetanse knytt til studieretninga studiespesialisering. Eit breitt samansett fagmiljø frå både yrkesfag og allmennfag har vore ein viktig føresetnad for den gode vaksenopplæringa på Otta.

Otta har eit moderne skuleanlegg med samlokalisert kulturhus, stor kantine og eit klimalaboratorium for tidsriktige undervisningsopplegg. Skulen ligg òg nær eit moderne idrettsanlegg med varierte tilbod. Avdeling Otta er dimensjonert for eit monaleg større elevtal enn dagens. Dessutan er skulebygget velhalde, og det er ingen store planlagde rehabiliteringar eller investeringsbehov.

På grunn av dagens desentraliserte avdelingsstruktur i Nord-Gudbrandsdal får elevane her eit avgrensa tilbod av fag til fordjuping på studiespesialisering. Norddalselevane har utfordringar med å sanke maksimalt med fordjupingspoeng for inntak på enkelte profesjonsutdanningar. Nokre utdanningar krev særlege fagkombinasjonar som elevane våre ikkje kan få tilbod om fordi økonomi og gruppestorleikar set grenser for

fagtilbodet. Det har allereie ført til at familiar flyttar frå regionen med borna sine for å sikre dei betre tilbod, eller at elevane flyttar på eigenhand.

Kombinasjonen studiespesialisering og idrettsfag på Otta styrkar tilbod og gruppestorleikar ved val av studieretningsfag. Det gjer òg idrettsfag meir attraktivt at elevane kan velja for eksempel biologi som fordjuping saman med elevar frå studiespesialisering.

Det er lagt fram eit fjerde alternativ for skulestruktur i Innlandet der mindre skular skal styrkast ved å byggje ned eller leggje ned dei større. I Nord-Gudbrandsdal kan det vera tale om å leggje ned heile eller delar av avdelinga på Otta for å styrke tilbodet i Lom. Ut frå vår kjennskap til folk og lokale forhold i regionen kjenner vi oss sikre på at det vil utløyse ei utvikling der eit stort fleirtal av norddalsungdommen vil søkje seg til Vinstra vidaregåande skule. Skulestaden i Lom vil oppleva gradvis nedgang på grunn av minkande elevkull. Da står vi til slutt att med ingen vidaregåande tilbod i Nord-Gudbrandsdal, og eit skrantande tilbod for vaksenopplæring. Det kan ikkje SV i Sel på nokon måte arbeide for. Vi ønskjer at eit av fylkeskommunedirektørens tre forslag blir lagt til grunn for vedtaket i skulesaka.

Styret i Sel SV

Anne-Brit Bismo, leiar